



## Reglar om betaling for bruk av kyrkjene i Bjørgvin

Bjørgvin bispedømeråd sine standardsatsar ved godkjenning av dei kyrkjelege fellesråda sine reglar om betaling for bruk av kyrkjene.

Godkjent til bruk av Bjørgvin bispedømeråd 30. september 2024 med heimel i *Kirkeordning for Den norske kirke § 22*.

§ 1 Føremålsparagraf: Kyrkjelege fellesråd som vedtek reglar om betaling for bruk av kyrkjene i sine sokn, skal ifølgje kyrkjeordninga § 22 søkja bispedømerådet om godkjenning av reglane.

Lokale regelverk med satsar som går ut over det som er nedfelt i paragrafane nedanfor, må godkjennast av Bjørgvin bispedømeråd. Regelverk som held seg innanfor satsane, kan reknast som godkjende utan at ein må senda søknad.

Rammene i dette regelverket legg grunnlaget for bispedømerådet sine godkjenningar. Regelverket skal medverka til at ein unngår unødvendig saksbehandling.

Regelverket dekker utleige av kyrkjene til leigetakar/rekvirent og kyrkjelege handlingar utanom vanlege gudstenester.

§ 2 For konsert eller liknande arrangement som ikkje er gudsteneste eller oppbyggjeleg møte, er leiga inntil 15 % av bruttoinntekta på arrangementet, med ein minstesum på kr. 1300,-

§ 3 For kyrkjeleg handling utanfor gudsteneste er leiga inntil 1.600 kr. For medlem av Den norske kyrkja gjeld dette likevel ikkje:  
– ved vigsel når ein av brudefolka er busett i soknet.  
– ved gravferd når avdøde var busett i soknet.

§ 4 Faktiske utgifter (straum, reinhald ol.) ved utlån av kyrkja til gudstenester eller andre oppbyggelege samlingar, kan det i alle tilfelle krevjast dekning for. Dette gjeld ikkje for dei som etter § 3 har rett til kyrkjelege tenester utan å måtta betala for det.

§ 5 Kyrkjeleg fellesråd fastset i kva for utstrekning dei kyrkjeleg tilsette som rådet har arbeidsgjevaransvar for, skal gjera teneste ved utleige av kyrkja og om betaling for dette.

§ 6 Kyrkjeleg fellesråd kan i særskilde høve gje dispensasjon frå betalingsatsane.

§ 7 Utlån av kyrkja til øving, plateopptak, eller liknande føretak som ikkje har som føremål å samla publikum vert avgjort av kyrkjeleg fellesråd. Også betalinga for utlånet vert fastsett av fellesrådet. For omvising, turistbesøk eller liknande gjeld regelen tilsvarande. Vedtak om utlån er avhengig av godkjenning frå soknerådet.

§ 8 Bispedømekontoret kan kvart år indeksregulera kronesatsane i §§ 2 og 3.